



Fridom - Ansvar - Mangfold

HØGRE

i Vest-Telemark


Kommunevalet 2007



*Ole Kr. Nyhus
Ordførarkandidat
Vinje*



*Marie Seltveit
Ordførarkandidat
Tokke*



*Solveig Abrahamsen
Ordførarkandidat
Seljord*



*Gunnar Ruud
Ordførarkandidat
Kviteseid*



*Carl Erik
Winter Larsen
Ordførarkandidat
Nissedal*

Kviteseid Høgre

Program 2007–2011

Kviteseid Høgre meiner satsing på nærings- og bygdeutvikling er viktigare enn nokon sinne. Folketalsutviklinga er ei stor utfordring, og ein offensiv næringspolitikk er avgjerande for å sikre framtidig velferd og trivsel i vår kommune. Vi vil at Kviteseid kommune skal vera ein aktiv pådrivar innan dette viktige arbeidet.

Nærings-satsing

For å oppnå resultat innan nærings-satsinga er det nødvendig for Kviteseid kommune å setja inn auka ressursar. Kviteseid Høgre ynskjer å opprette ei prosjektstilling på næringsområdet.

Prosjektmedarbeideren skal vera resultatorientert og arbeide målbevisst for å utvikle og stimulere næringslivet i kommunen. Kommunen bør involvere seg aktivt i regionale næringsprosjekt. Samarbeid med Vest-Telemark Næringsutvikling må prioriterast.

Trivselstiltak

Høgre meiner det er viktig med trivselstiltak i alle delar av kommunen. Dette er viktig for busetnaden rundt i grendene. Høgre vil stø opp om initiativ frå innbyggjarane, og ynskjer å øymerke midlar til trivselstiltak i kommunebudsjettet. Partiet vil arbeide for at trivselstiltak i vår kommune får pengestøtte utanfrå der dette er mogleg.

Ungdomssatsing

Høgre vil arbeide for å skape eit aktivt og positivt oppvekstmiljø i kommunen. Dei unge må setjast meir i fokus – og lyttast til. Partiet vil bidra til å skape positive møteplassar der dei unge kan trivast. Høgre vil stø arbeidet med å etablere og ruste opp idrettsanlegg og andre arenaer for ungdomsaktivitet.

Kultursatsing

Kviteseid Høgre ynskjer ei aktiv kultursatsing. Høgre vil arbeide for å lyfte fram egne utøvarar på dei ulike områda. Partiet vil bruke den rike lokale kulturarven og dagens kulturaktørar til å profilere Kviteseid kommune. Partiet vil legge til rette for utvikling av kulturskulen, og vil stø opp om tiltak retta inn mot born og unge.

Bustadtomter og bustadbygging

Høgre vil prioritere opparbeiding av bustadfeltet på Midtsund i komande periode. Partiet vil arbeide for at andre attraktive område i kommunen vert klargjort for bustadbygging. Høgre vil også arbeide aktivt for å stimulere til bygging av leiligheter i kommunen.

Tettstadutvikling

Kviteseid Høgre vil arbeide for trygge og trivelege sentra i kommunen. Høgre vil bidra til at Vrådal sentrum får eit særskilt lyft komande valperiode. Partiet vil arbeide





Fyrstekandidatane Kviteid Høgre

1. Gunnar Ruud, ordførarkandidat, 53 år, siviløkonom, dagleg leiar Kviteid Arbeidssamvirke AS. Interessert i nærings- og bygdeutvikling og lokalhistorie. Kommunestyremedlem i 12 år, formannskapsmedlem i 12 år, medlem av fylkesstyret i Telemark Høgre, tidlegare varaordførar i 4 år. Ulike styreverv innan lokalt næringsliv og leiar Kviteid Næringslag.



2. Nicolai Riise, 44 år, utdanning innan kultur, administrasjon og leiing frå høgskule og universitet. Fagleiar i Fyresdal kommune. Interesser innan litteratur, musikk, bygdekultur og jakt. Nykommar i lokalpolitikken. Prosjektleiar i Sogelandet, leiar i styret for Kulturhuset Sundvang, styreleiar i veglaget Granlien Åheim, dirigent i Mannskoret Ågapet. Tidlegare viseformann i Studentersamfundet i Oslo.



3. Hans Kristian Aabø, 37 år, gullsmed. Interessert i filateli og næringsarbeid. Varamedlem til kommunestyret, medlem av skatteutvalet, medlem av styret for Kviteid Bygdetun, tidlegare medlem av hovudutval for miljø og landbruk. Styremedlem i Vest-Telemark Frimerke og myntklubb.



4. Magne Wraa, 56 år, sivilingeniør, interessert i veterankøyretøy, tidlegare kommunestyremedlem og leiar av teknisk hovudutval. Nestleiar i styret for VTK, styremedlem i Skafså kraftverk, styremedlem i Østtelemarkens Brukseierforening, Numedalslågens Brukseierforening m.fl.

for å utvikle kommunesenteret vidare som regionalt handels- og administrasjonssenter.

Kommunale avgifter

Kviteid Høgre meiner dei kommunale avgiftene er for høge, og foreslo reduserte avgifter ved siste budsjetthandsaming. Høgre vil arbeide for å redusere dei kommunale vass- og kloakkavgiftene også i komande valperiode.

Skule og barnehage

Kviteid skal ha full barnehagedekning. Høgre ynskjer kortare feriestenging av barnehagane. Høgre vil arbeide for at Kviteid skal ha ein kunnskapsskule med tilpassa opplæring. Høgre vil stø opp om ei vidare positiv utvikling av Kvitsund Gymnas.

Helse og omsorg

Alle som bur i Kviteid kommune skal føle trygghet når ein ikkje lenger klarar seg sjølv. Kviteid Høgre vil arbeide for å setje skjerma avdeling ved KOS i drift så snart som råd. Høgre vil oppretthalde eit vel-fungerande legesenter og ha ambulansetenesten stasjonert i Kviteid.

Nissedal Høgre

Program 2007–2011

Næringsutvikling

Eit sunt og aktivt næringsliv er avgjerande for auka sysselsetting/busetjing, og for kommunens økonomi og utvikling.

Nissedal kommune bør framleis vidareutvikle turismoglegheitene.

Nissedal Høgre ser skog/jordbruk og pelsdyr som framleis viktige næringer i kommunen. Her ynskjer vi vidare-utvikling og nyskaping.

Trivsel

Nissedal Høgre meiner framleis at reinseanlegget i Treungen bør flyttast.

Nissedal Høgre er positive til etablering av snoscooterløyper i kommunen.

Nissedal Høgre ynskjer at fleirbrukshuset skal bli ein felles samlingsstad for heile kommunen.

Nissedal Høgre stør lokale kulturarrangement som Treungenfestivalen.

Tryggleik

Nissedal Høgre ynskjer å behalde grendeskulane så lenge ein finn det pedagogisk forsvarleg.

Nissedal Høgre er nøgd med dagens legevaktordning, og vonar ein kan få ei stabil legedekning i kommunen.

Kommunen

Nissedal Høgre er positive til det interkommunale samarbeidet, og ynskjer å vidareutvikle det. Dette er heilt naudsynt skal Nissedal overleve som eigen kommune.





Fyrstekandidatane Nissedal Høgre

1. Carl Erik Winther Larsen, ordførarkandidat, 56 år, gift og to barn. Dagleg leiar ved Telemark Treindustri. Kommunestyrerepresentant i 12 år. Medlem av formannskapet i 8 år.



2. Eli Britt Johansen Tarraldsen, 40 år, gift og fem barn. Kontormedarbeider/hjelpepleiar.



3. Kari Turine Gautefald Tveit, 32 år, ugift. Sjølvstendig næringsdrivande.



4. Kristian Grimstvedt, 44 år, gift og to barn. Ingeniør/produksjonsplanleggjar hjå Skagerak Energi. Hytteutbyggjar. Leiar i Nissedal Hornmusikk, leiar Neshei-vegen.

Nissedal Høgre er positive til konkurranseutsetting dersom det ligg til rette for det.

Nissedal Høgre går i mot eigedomsskatt i Nissedal kommune.

Ungdom

Nissedal Høgre meiner ein bør fortsette arbeidet med kontaktmøte mellom kommunen, og fastbuande og utflytta ungdom.

Nissedal Høgre vil opprette ein kommunal ungdomspris på kr. 30.000,-, som skal nyttast til premiering av gode idear, igangsette tiltak eller konkrete forslag frå ungdom.

Viktige saker for Nissedal Høgre

Styrke og vidareutvikle det eksisterande næringslivet i kommunen. Viktig med kontakt mellom leiinga i kommunen og næringslivet. Turisme og reiseliv er eit satsingsområde.

Eit interkommunalt samarbeid er viktig for Nissedals framtid. Vedlikehald av kommunale bygg, og iverksetting av ENØK-tiltak.

Stø opp om lokalt engasjement, som til dømes Treungenfestivalen.

Nissedal Høgres mål:

Innbyggjartalet i Nissedal skal aukast til 1500 i løpet av valperioden 2007-2011.

Seljord Høgre

Program 2007–2011

Mål

Seljord Høgre ynskjer at Seljord skal vera eit pulserande, utviklande og godt samfunn. Med trygge og trivlege sentrum og ein naturleg møteplass for handel, arrangement og kultur.

Høgre vil ha kunnskap i skulen og kvalitet i helse- og sosialomsorga.

Høgre ynskjer at Seljord kommune skal vera ein "ja" kommune med rask og fleksibel sakshandsaming, positiv holdning og god service. Kommunen må velje dei mest miljøvennlige løysingane i drifta og legge til rette for miljøtiltak for innbyggjarane og næringsliv.

Skule og oppvekst

Høgre ser på kvaliteten i skulen, barnehagane og kulturskulen som ei svært viktig investering for framtida. Høgre vil ha ein kunnskapsskule der alle elevane får tilpassa opplæring, også elevar med særskilde behov. Det må sikrast gode lærarkrefter og godt undervisningsutstyr, og leggst til rette for kompetanseheving i skulen og barnehagen. Høgre vil sikre full og fleksibel barnehagedekning med høg kompetanse i personalet. Høgre vil ha tilbod om gratis frukt og mjølk til alle i grunnskulen.

Helse og omsorg

Det må vera ein allemannsrett å føle tryggleik, og få rett omsorg når ein ikkje lenger klarar seg sjølv. Høgre vil ha god heime-

teneste, tryggleiksalarmar og klare avtaler som sikrar dei eldre sine rettar.

Det må arbeidast kontinuerlig for å tilrettelege eit fullverdig tilbod for personar med særskilde behov som sikrar livskvaliteten deira.

Høgre er positiv til private helseføretak og vil auke samarbeide med private hjelpetilbod og den frivillige innsatsen i lokalmiljøet.

Det skal vera eit godt fagmiljø på Helsesenteret og sikrast god og stabil legedekning.

Auken av rusproblem blir ein av dei store utfordringane. Ulike instansar må samarbeide om effektive tiltak som kan avgrense omfanget og skadeverknadane. Satsing på førebyggjande tiltak må aukast.

Den gode buplass

Seljord kommune skal vere ein attraktiv stad å busette seg i og å bli buande i.

Seljord Høgre ynskjer ein grendestruktur med trivelege sentrum og god infrastruktur. Innbyggjarane i heile kommunen må få tilgang til breiband, mobiltelefondekning og digital-TV. Kommunen må leggje tilhøva til rette for eit mangfald av bustadtomter og vera fleksibel med tomtestørrelse for hus og hytter. Tomter kan subsidierast for å stimulere til bustadbygging i heile kommunen.

Høgre vil sikre at det ikkje blir innført eigedomsskatt på bustader og hytter.

Seljord Høgre vil arbeide for at det ved bygging av nye bustader vil kommunen yte eit tilskot på kr 50 000.

Høgre vil ha større merksemd mot ungdom og deira behov for trivsel og aktivitetstilbod.

Næringsarbeid

Næring og landbruk skal stå sterkt i Seljord, og me vil vera ein god medspelar for å møte nye utfordringar. Seljord skal vera ein offensiv kommune som aktivt kommuniserer med, og legg til rette for eksisterande og nye verksemdar. Det må vere gode rammer for næringsutvikling med attraktive og klargjorde næringsareal i heile kommunen.

Reiseliv og handel er næringar som har vekstpotensiale i vår kommune. Auka satsing på heilårstilbod innan turisme og reiseliv kan skape ny vekst. Kommunen må vera ein aktiv medspelar på nye utbyggingsprosjekt.

Det må arbeidast kontinuerlig for å oppretthalde og utvikle eksisterande og nye attraksjonar, slik at Seljord kan bli meir attraktiv som reisemål.

For å halde oppe eit aktivt landbruksmiljø må ressursane rettast meir mot dei som har landbruket som hovudnæring. Seljord Høgre vil arbeide for at meir av overføringane kjem heiltidsbruket til gode. Auka lokal foredlingsgrad av jordbruksprodukta kan bli ei viktig vekstnæring for distrikta, og vil styrke landbruket.



Fyrstekandidatane Seljord Høgre

1. Solveig S. Abrahamsen, ordførarkandidat (43 år) er rektor på Flatdal skule. Ho bur i Flatdal, er gift og har 3 barn. Solveig har vore aktiv i lokalpolitikken i mange år, bl.a 8 år i kommunestyre og 4 år i Formannskap. Solveig har vore leiar av Seljord Høgre, og er medlem av styret.



2. Magne Reinstaul, 45 år, driver Reinstaul gard i Grunningsdalen med jordbruk, skogbruk, kraftverk og hyttefelt, i tillegg i byggebransjen med eige firma som monterer ventilasjonsanlegg. Magne er gift og har 2 barn, han er nestleiar i Seljord Høgre og han har vore med i kommunestyret i 8 år.



3. Edvard Mæland, 50, har 2 barn, er bonde i Flatdal og kontor-ansvarleg for eit lokalt entreprenørfirma. Edvard var ordførar i Seljord i perioden 1999-2003 og region-ordførar i Vest Telemark, medlem av fylkestinget og leiar av Telemark Høgre. Han har eit sterkt engasjement for samferdsel og regionalt samarbeid i Vest Telemark.



4. Asbjørn Storrusten, 48, er konsulent frå eige firma i Seljord. Han bor på et småbruk i Flatdal med kone og 3 barn. Asbjørn har og har hatt mange tillitsverv i næringslivet og foreiningslivet. Han har vore aktiv i kommunestyret og i planutvalet i 4 år. Asbjørn er nestleiar i Telemark Høgre, har vore medlem av styre i Seljord Høgre i 10 år og han er leiar av Seljord Høgre.

Høgre ser difor positivt på etableringa av eit kompetansesenter for nisjeproduksjon og småskalamat på Dyrskuplassen.

Kultur og idrett

Seljord Høgre vil arbeide for meir mangfald i aktivitets-tilbodet, både innan kultur og idrett og ynskjer fleire aktivitetar og tilbod av meir "urban" karakter.

Symjehallen i Seljord stettar ikkje dagens krav til eit attrak-

tivt symjeanlegg. Det bør byggjast eit nytt badeanlegg i tilknytning til det regionale Granvin kulturhus.

Biblioteket i Seljord sentrum treng nye lokalitetar for å utvikle seg til framtidens bibliotek.

Hovudkyrkja i Seljord er bygd før 1180 og er for lita. Seljord må få ei arbeidskyrkje med eit stort nok kyrkjerom til å huse alle som ynskjer å følgje ei gravferd, delta i konfirmasjon eller i eit stort bryllaup.

Ei av framtidens vekstnæringar er kulturbasert næringsliv. I Seljord er det svært mange aktive kunst- og kulturutøvarar. Høgre meiner kommunen bør styrke apparatet rundt desse aktive utøvarane.

Me ser på Granvin kulturhus og grendehusa elles i kommunen som viktige arenaer for aktivitet og kulturtilbod.

Tokke Høgre

Program 2007–2011

Tokke Høgre meiner at det å oppretthalde folketalet i kommunen er ei prioritert oppgåve. Eit godt helse og servicetilbod, gode skular, arbeidsplassar og variert kulturtilbod er viktig for at innbyggjarane skal ha ein god kommune å bu i.

NÆRINGSUTVIKLING:

Tokke Høgre vil sikre at næringsfondet berre nyttast til næringsutvikling og næringsretta tiltak. Tokke Høgre ynskjer å etablere eit kommunalt eigd næringssselskap som skal stimulere næringsutviklinga i kommunen.

Tokke Høgre vil legge til rette for å skaffe kompetanse til næringslivet og dei kommunale tenestane.

Tokke Høgre vil sikre låg kraftpris for alle – gjennom straumrefusjon. Driftsbudsjettet til kommunen skal ikkje finansierast gjennom auka straumpris til innbyggjarane.

Turisme

Tokke Høgre ser at kommunen har eit stort potensiale innanfor turisme som ikkje er utnytta. Ein kan nemne Høydalsmo som skisenter, Dalen som turiststad og Hallbjønnsekken som hyttesenter.

Tokke Høgre vil nytte næringsfondet til å stimulere turismen.

Vegar

Tokke Høgre vil oppretthalde tilskot til private vegar. Vidare skal kommunen sine vegar vedlikehaldast og utbetrast.

Tokke Høgre meiner kommunen må samarbeide med Statens vegvesen for å få ein rasteplassar ved E-134 i Høydalsmo og RV 45 på Skafsåheia. Tokke Høgre vil at kommunen skal legge til rette for å skilte dei mange utsiktsplassane i kommunen og rydde området rundt desse.

Tokke Høgre vil at det skal arbeidast vidare for å fullføre ein god veg langs Bandak til Kviteseid – "Kanalvegen".

Handel og service

Tokke Høgre vil arbeide aktivt for at kommunen sine innbyggjarar skal få eit godt handel- og servicetilbod.

Primærnæringane

Tokke Høgre vil prioritere tilskot til grøfting av dyrka mark, kulturlandskapsstell, skogvegar og kjøp av mjølkekvoter.

SKULE OG BARNEHAGE-TILBODET:

Tokke Høgre ser at ei god utdanning er det viktigaste kommunen kan gje born og unge. Kunnskap

gjev den einskilde auka høve til å få arbeid, velferd og leve eit meningsfylt liv. Eit godt barnehage- og skuletilbod er vesentleg for å skaffe nødvendig kvalifisert arbeidskraft til kommunen.

Tokke Høgre vil derfor sikre utbygging av Dalen barnehage og halde låge betalingssatsar i barnehagen og SFO.

Tokke Høgre meiner ein kontinuerleg må vurdere forbetring av skuletilbodet – KVALITET ER FOKUS. Vidare vil Tokke Høgre gje gode kultur- og fritidstilbod til skuleelevar på alle alderstrinn.

HELSE OG OMSORG:

Tokke Høgre ser det som ei prioritert oppgåve å ha høg standard på helse- og omsorgstenestane. Det skal vidare vera god legedekning i kommunen. Tokke Høgre meiner at ein skal ta godt vare på dei eldre og uføre, og leggje tilhøva til rette, slik at dei kan bu heime så lenge som råd.

Tokke Høgre vil ha fritt val av heimhjelp og brukarane skal vere med å bestemme kva heimhjelpa skal gjere i den tildela tida.

Tokke Høgre vil sikre utbygging av ny avdeling på Tokke helsesenter. Tokke Høgre vil innføre eiga nattpatrolje dersom det syner seg at det kan gjere at fleire kan bu lengre i heimen.

Tokke Høgre vil arbeide for at det blir etablert ein tannlegepraksis på Dalen.

KULTUR:

Tokke Høgre vil arbeide for at det gode omdøme som kommunen har som kulturkommune oppretthaldast og vidareutviklast. Me skal stø driften av musea og fleirbruks huset.

Tokke Høgre vidareutvikle musikk- og kulturskuletilbodet.





Fyrstekandidatane Tokke Høgre

1. Marie Seltveit, ordførarkandidat (48), Åmdals-verk.

Yrke: Fyrstekonsulent i NAV Kviteseid trygd.

Interesser: Foto, fiske og politikk

Verv: Medlem av kultur- og oppvekstutval. Nestleiar i Tokke Høgre.



2. Finn Arne Askje (38), Lårdal.

Yrke: Personalrådgjevar i Vinje kommune.

Interesser: foto, jakt og politikk.

Verv: Medlem av kommunestyret og leiar av helse og sosialutvalet i 8 år. Medlem av formannskapet i 4 år. Leiar i Tokke Høgre sidan 1992 og diverse verv i Telemark Høgre.



3. Halvor Sandland (61), Høydalsmo.

Yrke: Yrkessjåfør.

Interesser: Gamle militære biler, samferdselspolitikk.

Verv: Varaordfører i Kviteseid 1980-1984, Styremedlem i Telemark Høgre på 80tallet.



4. Astri Elisabeth Holter, Dalen.

Yrke: alderspensjonist.

Verv: Formann i eldrerådet, skatteutvalet, varamann i helse- og sosialutvalet og diverse tillitsverv i Tokke Høgre i 50 år.

Tokke Høgre vil stø frivillige lag og organisasjonar – sport og fritidsaktivitetar

TOKKE HØGRE SI UNGDOMSPAKKE:

Tokke Høgre vil:

Innføre løyper der det er lovleg å køyre snoscooter.

Sikre attraktive bustadtomter i kommunen.

Innføre tilskot for unge som restaurerar eldre hus.

Innføre "ungdomspris":

Tokke Høgre vil setje av kr. 20000,- som skal nyttast til premiering av gode idear, igangsette tiltak eller

konkrete forslag frå eller for ungdom. Enkle reglar for tildeling må utformast.

POLITISK REKNESKAP:

I dei fleste sakene er det brei politisk semje i kommunestyret, men i desse to politiske sakene har Høgre vore "frontfigur".

Straumrefusjonen – rimeleg straum:

Ved kvar budsjetthandsaming har Høgre fremja forslag om uendra straumpris for at innbyggjarane skal få del i den straumrefusjonen dei har krav på. Kvart år har fleirtalet gått for ein auke, bortsett frå ved budsjetthandsaminga for 2007.

Det er i praktisk politikk berre Høgre som har vore konsekvent i høve til å ikkje gå inn for auke straumprisen.

I dag utgjer straumrefusjonen til innbyggjarane bare om lag ein halvdel av det kommunen får inn, resten går til drifta av kommunen.

Ny avdeling ved sjukeheimen:

Saka har vore ei viktig sak for Tokke Høgre i denne kommunevalperioden. Etter fleire rundar har Høgre fått gjennomslag for ei ny moderne sjukeheimsavdeling som kan møte framtidens trong. Høgre er garantisten for at utbygginga kan realiserast.

Vinje Høgre

Program 2007–2011

Kommunal administrasjon og forvaltning

Vinje høgre meiner den kommunale administrasjonen er på eit høveleg nivå i dag.

Me vil ha ei fortløpande vurdering av bemanning og aktivitsnivå.

Vinje Kommune skal vera ein kommune der kvar eining har ansvar for at brukaren får den hjelp og servise dei treng.

Oppvekst og levekår

Vinje høgre vil verne om kulturarven.

Me ynskjer at det noverande skulebarnehagetilbodet blir oppretthalde på dagens nivå, dersom barne/elevtalet gjer det forsvarlegt.

Me støttar innføring av skulematordninga i heile kommunen.

Me støttar idrett og ungdomsarbeidet.

Me vil arbeide for ein nøktern flyktninge/asylpolitikk, der integrering er eit viktig element.

Me vil arbeide for at idrettshallen på Rauland vert ferdigstilt i denne perioden.

Helse og omsorg

Vinje høgre vil arbeide for ei god og sterk legeteneste, og for at Vinje kommune får privatpraktiserande lækjarar.

Me støttar arbeidet for oppretting/bygging av kommunale psykiatriske omsorgsbustader i Åmot.

Arbeidet for dei svakaste i samfunnet, dei eldste, vil verta høgt prioritert.

Næringspolitikk

Vinje høgre ynskjer å ta vare på alle næringsverksemdar som er liv laga, frå småskala produksjon til store annlegg, og leggje til rette for nye verksemdar.

Me vil at innbuarane/næringslivet skal få att dei 2 øra av straumrefusjonen som Kommunen tok inn i sitt budsjett. Vinje kommune har no så god økonomi at slik overføring frå private og næringsverksemdar ikkje lenger er naudsynt.

Me vil sørge for at det til ei kvar tid er nok industri og bustadtomter ledige.

Forvaltning av eigedom og rettar

Privat eigedomsrett er svekka gjennom lengre tid.

Vinje høgre meiner at dette har gått alt for langt, og vil arbeide for å





Fyrstekandidatane Vinje Høgre

1. Ole Kr. Nyhus, ordførarkandidat (60), Øyfjell.

Gift, to born, utdanna styrmann.

Yrke: Salg og tomteutvikling, fritidshus.

Interesser: Politikk, konkurranseskyting og jakt.

Verv: Medlem av kommunestyret i 20 år. Formannskapet 8 år.

Medlem Bygningsråd/Planutval 16 år, derav leiar 6 år, nestleiar 4 år.

Leiar KMN (Kultur miljø og næring) 4 år.

Varaordfører 1999–2003. Styreleiar Raulandsakademiet 4 år, styremedlem 8 år.

Medlem Kyrkjeleg fellesråd.



2. Leena S. Godal, (67) Rauland.

Yrke: Pensjonert jordmor.

Interesser: Politikk, spesielt helse og omsorg.

Verv: Medlem kommunestyret 8 år (4 år som møtende vara.)



4. Bjørn Arne Lindskog, (56) Haukeli.

Yrke: Eigar og drivar av Lindskog Auto (Esso).

Interesser: Politikk Jakt fiske og friluftsliv.

Verv: Medlem av Kommunestyret 12 år. Formannskapet 12 år.

Leiar av næringsutvalet 4 år. Nestleiar i styret for Renovest 4 år.

Medlem Vest-Telemarkrådet. Leiar i lønsnemda 4 år.

Leiar overtakstnemda for eigedomskatt 4 år. Varaordfører 6 mnd.

verne og styrkje den private eigedomsretten. Utryggleik for innblanding frå det offentlege i disponeringa og overdraging hemmar viljen til å skape og ta vare på verdiar, jmf. det som er sagt om konsesjonsgrensa i Vinje kommune. Me vil arbeide for at minste regulera vasstand i dei regulera vassmagasina vert regulera noko høgare enn i dag. Dette for å hindre ferdseksproblemm fiskedød og utslepp av CO₂.

Samferdsel og miljø

Vinje høgre vil arbeide sterkt for at E 134 vert rusta opp til topp standard.

Me vil dersom det skulle vise seg mogeleg, støtte arbeidet med ein ny trasse for ein eventuell ekspressveg

Me støttar arbeidet med høgfaringsbanen over Haukelid.

Me vil arbeide for at dei kommunale vegane vert opprusta og asfaltera.

Me vil at Vinje kommune ved fornying av leasing avtaler for kommunale bilar, leiger inn noko som

er litt meire miljøvenlege enn dagens 4 hjulstrekere.

Me vil arbeide for at Vinje satsar på vass/bergvarme.

Me vil satse på bioenergi.

Me vil satse på småkraftverk.

Me vil arbeide for at Kommunen får godkjent dei snoscootertraseane me har i dag, som eit fast løypenett.

Konsesjonskraft

Vinje høgre vil arbeide for at konsesjonskrafta fortsatt skal tilfalle Vinje kommune som i dag.

Vallister

Retting av liste

Du kan gje ein eller fleire av Høgre sine kandidatar ei personrøyst ved å setje eit kryss ved namnet. Dette aukar sjansen for at vedkommande blir valt.

Du kan og gje personrøyster til Høgre sine kandidatar sjølv om du vel andre partilister. Det gjer du ved å føre opp namnet på kandidaten i feltet merka «Kandidatar frå andre lister».

Du kan ikkje stryke kandidatar på listene.

Du bør bruke svart penn dersom du rettar. Skriv tydeleg.

Stem Høgre!



Fridom - Ansvar - Mangfold

Valliste Kviteseid Høgre Kommunestyrevalet 2007

| | |
|-------------------------|-----------|
| 1. Gunnar Ruud | Kviteseid |
| 2. Nicolai Riise | Kviteseid |
| 3. Hans Kristian Aabø | Kviteseid |
| 4. Magne Wraa | Vrådal |
| 5. Elsa Ann Hauglid | Kviteseid |
| 6. Jon Asle Nyland | Kviteseid |
| 7. Elizabeth B Wisland | Dalane |
| 8. Olav Sanden | Vrådal |
| 9. Halvor Nyland | Kviteseid |
| 10. Sverre Syftestad | Kviteseid |
| 11. Dag T Wisland | Dalane |
| 12. Morten E Haugan | Dalane |
| 13. Arne Ulstrup Jansen | Kviteseid |

Dei fire fyrste kandidatane er gitt stemmetillegg.

Valliste Nissedal Høgre Kommunestyrevalet 2007

| | |
|----------------------------------|----------|
| 1. Carl Erik Winther Larsen | Treungen |
| 2. Eli Britt Johansen Tarraldsen | Treungen |
| 3. Kari Turine Gautefald Tveit | Treungen |
| 4. Kristian Grimstvedt | Nissedal |
| 5. Helle Aarak | Treungen |
| 6. Torleif Skåli | Felle |
| 7. Odd Pedersen | Fjone |

Fyrstekandidaten er gitt stemmetillegg.

Valliste Seljord Høgre Kommunestyrevalet 2007

1. Solveig S. Abrahamsen
2. Magne Reinstaul
3. Edvard Mæland
4. Asbjørn Storrusten
5. Marianne Lundeborg
6. Gunleif Oland
7. Morten Olav Dyrud
8. Johan Angre
9. Kenneth Haugland
10. Jostein Kløften
11. Per Arne Velten
12. Bjørn Øygarden
13. Kjetil Haugan
14. Ole Petter Gustavsen

*Dei to fyrste kandidatane
er gitt stemmetillegg.*

Valliste Vinje Høgre Kommunestyrevalet 2007

- | | |
|---------------------------|--------------------|
| 1. Ole Kristian Nyhus | Øyfell, 3890 Vinje |
| 2. Lena Saukkoriipi Godal | 3864 Rauland |
| 3. Conny Per J.Øyeflaten | 3864 Rauland |
| 4. Bjørn Arne Lindskog | 3895 Edland |
| 5. Aud Trovatn | Øyfell, 3890 Vinje |
| 6. Svein Rorgemoen | Øyfell, 3890 Vinje |
| 7. Olav Bratland | 3895 Edland |
| 8. Arild Norvik | 3890 Vinje |
| 9. Knut Oddvar Hyttedalen | 3890 Vinje |
| 10. Halvor Ø.Sandok | 3890 Vinje |
| 11. Alfred Einar Apeland | 3895 Edland |
| 12. Oddbjørn Carlsen | Dyrdal, 3890 Vinje |

Kandidat nr. 1 er gitt stemmetillegg.

Valliste Tokke Høgre Kommunestyrevalet 2007

1. Marie Seltveit
2. Finn Arne Askje
3. Halvor Sandland
4. Astri Holter
5. Sigvart Asle Lie
6. John Utigard
7. Inger Sandland
8. Hallvard Apeland
9. Ingar Reinskås
10. Gunnar E. Seltveit
11. Bjarne Vinjerui

Kandidat nr. 1 har stemmetillegg.

Stem Høgre!



Fridom - Ansvar - Mangfold

Utvida samarbeid i Vest-Telemark

Høgrepartia i Vest-Telemark er opp-tatt av å vidareutvikle samarbeidet mellom kommunane i regionen. Høgre vil prioritere desse samarbeidsområda:

Politisk samarbeid

Høgrepartia vil vurdere Vest-Telemarktinget. Slik Tinget arbeider i dag har det liten betydning for utviklinga av regionen. Høgre ynskjer å konsentrere samarbeidet i Vest-Telemarkrådet, og utvide, vitalisere og intensivere det politiske samarbeidet som skjer i Rådet.

Næringssamarbeid

Høgre i Vest-Telemark vil styrke næringssamarbeidet. Det er viktig med eit profesjonelt næringsapparat som dekkjer heile spekteret av utviklingsarbeidet i regionen.

Kultursamarbeid

Høgre meiner regionen har mykje å vinne på eit utvida kultursamarbeid mellom kommunane. Vi har gode erfaringar med det regionale museumssamarbeidet. Høgre ynskjer å setja i gang samarbeidsforsøk på andre felt av kulturområdet.

Felles bu- og arbeidsmarknad

Vest-Telemark må stå saman som ein felles bu- og arbeidsmarknad. Høgre vil styrke samarbeidet mellom kommunane og arbeide for at alle marknadsfører seg overfor potensielle nye arbeidstakarar med regionen som ein bu- og arbeidsmarknad.

Marknadsføring og profilering av regionen

Høgre meiner det bør utarbeidast ein marknadsføringsstrategi for regionen vår. Strategien bør omfatte regionen både





som buområde, særprega kultur-område, arbeidsmarknad og som reisemål. For å oppnå resultat er det naudsynt å marknadsføre regionen på ein profesjonell måte.

Miljøvernssamarbeid

Høgre meiner naudsynt miljøvern-kompetanse bør byggast opp på regionalt nivå. Dersom det vert aktuelt å utarbeide kommunale miljøvern-planar, bør arbeidet koordinerast regionalt. Dette for å sikre det faglege innhaldet og effektivisere plan-arbeidet.

Interkommunale selskap/samarbeid

Høgre ynskjer effektiv organisering og drift av interkommunale selskap og regionale samarbeidstiltak. Høgre ynskjer ei ny vurdering av organisering og politisk styring/kontroll med tiltaka.

Snoskuterpolitikk og løypenett

Høgrepartia i Vest-Telemark vil arbeide for felles snoskuterpolitikk i regionen, og legge til rette for eit regionalt løypenett.

Andre saker Høgre vil arbeide for i kommunane:

- Høgre ynskjer at elevane i skulane i Vest-Telemark skal få gratis mjølk og frukt.
- Høgre vil arbeide for valfridom for innbyggjarane. Valfridomen må også gjelde offentlege tenester der dette er naturleg.
- Høgre vil arbeide for ei god utvikling for landbruket i Vest-Telemark. Kulturlandskapet er svært viktig for ei positiv utvikling i regionen.
- Høgre vil arbeide for å avvikle konsesjonsgrense 0 i alle Vest-Telemark-kommunane.

Telemark Høgre

Høyres verdisyn

Telemark Høyre vil føre en fremtidsrettet politikk bygget på det kristne kulturgrunnlaget, rettsstaten og folkestyret. Telemark Høyre har tro på fremtiden og vi har tillit til deg som enkeltmenneske. Telemark Høyre mener at valgfrihet og maktspredning sikrer at samfunnet skapes og utvikles der folk lever og bor. Telemark Høyre vil fortsatt verne den private eienomsretten.

Mål

Telemark Høyre vil:

Beholde et ikke-sosialistisk styre i Telemark.

Ha fylkesordføreren.

Øke Telemarks attraksjonskraft som bosted.

Økt satsing på reiseliv.

Bruke etablering av gassrør til økt industriell utvikling.

Utbygge stamveg- og banenettet.

Kompetanse

Telemark Høyre vil:

Arbeide for å få universitet i Telemark.

Bidra til attraksjonskraft for forskningsmiljøene i Telemark.

Ha økt satsing på teknologiutvikling innen miljø og energi.

Opprettholde desentralisert skolestruktur i videregående skole.

Sikre frihet til å velge skole

uavhengig av økonomi og bosted.

Sikre at alle elever i videregående skole har egen PC.

Videreutvikle yrkesrettet videregående opplæring.

Fortsette samarbeidet med næringslivet om entreprenørskap i skolen.

Næringsliv

Telemark Høyre vil:

Sikre gassrøretablering og utbygge gasskraftverk i Grenland.

Bidra til å etablere bioenergi-produksjon basert på norsk råstoff.

Sikre rammebetingelser for flere industrietableringer i Telemark.

Arbeide for å videreutvikle nisjeproduksjoner i landbruket.

Videreutvikle SMB-bedriftene gjennom næringsutviklingsorganisasjonene.

Ha en betydelig økning av turister i fylket gjennom en offensiv reiselivsstrategi.

Kultur

Telemark Høyre vil:

Arbeide for at Rjukan kommer på verdensarvlisten.

Bidra til realisering av Telemarksløypa.

Utvikle Vitenl@ben til å bli et stort internasjonalt vitensenter.

Støtte det frivillige arbeidet innen idrett og kultur.

Etablere en stipendordning for unge idrettstalenter fra Telemark.

Øke den årlige satsingen på viktige kulturarrangementer i Telemark.

Sikre rammebetingelser og opplæringsmuligheter innen tradisjonelle håndtverksfag.

Bruke kultur som virkemiddel for økt tilflytting til fylket.



Gunn Marit Helgesen
Fylkesordfører

Samferdsel

Telemark Høyre vil:

Videreutbygge og bedre vedlikehold av E134, E18 og Rv 36 i fylket.

Ha ny vegføring over mellom Røldal og Haukelid.

Arbeide for at havnene får stamvegtilknytning.

Ha oppstart av arbeidet med Eidangertunnelen før 2010 og en modernisert Vestfoldbane innen 2015.

Arbeide for at Telemarkskanalen er nasjonal kommunikasjonsåre.

Opprettholde Bratsbergbanen ved statlig offentlig kjøp.

Øke andelen godstransport på jernbane.

Arbeide for økt aksellasttrykk for tungtransport i Telemark.

Internasjonalt

Telemark Høyre vil:

Fortsatt delta i europeiske samarbeidsprogrammer.

Være døråpner og søke muligheter for Telemarks næringsliv.

Fortsatt være ambassadør for Telemark i Europa.



Fridom - Ansvar - Mangfold